



## Notat

Dato: 28.07.2014  
Arkivsak: 2014/13245-5  
Saksbehandlar: laimelk

---

**Til:** Informasjonsavdelinga v/Værnø

---

**Frå:** Laila Melkevoll

---

## Plan for oppretting av side/profil «Hordaland fylkesbibliotek»

Planen er laga med utgangspunkt i retningslinene for «Bruk av sosiale medium i HFK <http://innsida.hfk.no/sosial>

### Kva er dette

Dette er planen for opprettinga av ei side for Hordaland fylkesbibliotek på Facebook

### Målsetjing

Målsetjinga er å synleggjere kva aktivitetar fylkesbiblioteket har, samt å via denne sida ha eit hendig verktøy for å følgje med på kva som føregår på biblioteka og bokbåten i Hordaland sine facebooksider.

### Bruk og forvaltning

Hovudtema vil vere fylkesbiblioteket sine kurs, samlingar og førestillingar, formidling av informasjon relevant for dei som er opptekne av bibliotektenester og spreing av kunnskap til tilsette på biblioteka i fylket.

Sida er tenkt halden ved like så lenge det er aktuelt å nytte Facebook som informasjonskanal og fylkesbiblioteket har informasjon å formilde. Ei permanent side for Hordaland fylkeskommune

Marknadsføring av sida vil kome på fylkesbiblioteket sine nettsider, betalte kampanjar og delingar frå folkebiblioteket og vonaleg også andre aktuelle samarbeidspartar som Hordaland fylkeskommune sine facebooksider.

### Organisering

Alle tilsette på fylkesbiblioteket vil får redaktøransvar, og skal saman bidra til å lage stoff til sida. I oppstartsperioden vert det Laila Melkevoll som får hovudansvar for å drifte sida.

I feriar vert det laga ei vaktliste for sida for å sørge for innhald.

Heile avdelinga har drøfta oppretting av slik side, og fylkesbiblioteksjef har bede om at slik side vert laga.

Alle innspel på sida skal få svar og vi vil elles vise til fylkesbiblioteket sine nettsider og kontaktinformasjon for meir informasjon.

Ynskje om kortadresse på facebookside:  
[www.facebook.com/hordaland.fylkesbibliotek](http://www.facebook.com/hordaland.fylkesbibliotek)

Nettsida: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Fylkesbiblioteket1/>  
Besøksadresse: Wigandgården, 2. etasje  
Postadresse: Postboks 7900, 5020 Bergen  
Tlf. sentralbord: 55 23 93 76  
Postmottak: [fylkesbiblioteket@hfk.no](mailto:fylkesbiblioteket@hfk.no)

## Godkjenning og oppretting

Sitat frå retningslinene:

### «Godkjenning og oppretting (gjeld for fylkesadministrasjonen)

Planen vert send til informasjonsseksjonen for kommentarar og vert godkjend av avdelingsdirektør.

Informasjonsseksjonen opprettar side/profil/blogg og gjev dei som skal drifte sida tilgang.

### Godkjenning og oppretting (for skular, tannhelsedistrikt m.fl.)

Planen vert godkjend av rektor, overtannlege, evt. annan einingsleiar.

Nettansvarleg eller evt. IT-ansvarleg opprettar side/profil/blogg og gjev dei som skal drifte sida tilgang.»

## Godkjenning av planen

Planen er godkjend av \* (tittel og namn) \* (dato)